

KAPITTEL 3

Eit nynorsk tilskot til den moderne migrasjonslitteraturen – Erlend Skjetnes *Eit anna blick* (2021) i ein skjønnlitterær kontekst

Elin Stengrundet

Samandrag: I 2021 fekk Erlend Skjetne Brageprisen for årets beste barne- og ungdomsbok for romanen *Eit anna blick* (2021). Gjennom ei nærlesing freistar eg i denne artikkelen å vise at romanen knyter an til moderne migrasjonslitteratur samstundes som han òg markerer si tilhøyrse til den nynorske litteraturtradisjonen. I diskusjonen legg eg vekt på både innhald og form. Avslutningsvis antydar eg at *Eit anna blick* er det hittil tydelegaste nynorske bidraget til den moderne migrasjonslitteraturen, og at romanen ved å plassere handlinga i ei bygd òg bringar noko nytt til denne tradisjonen.

Nøkkelord: kultur møte, migrasjonslitteratur, nynorsk litteratur, Skjetne

Keywords: cultural meetings, migration literature, Norwegian Nynorsk literature, Skjetne

Innleiing

Med Erlend Skjetnes roman *Eit anna blick* (2021), som handlar om den 17 år gamle asylsøkaren Anwar, fekk den nynorske skriftkulturen ikkje berre Brageprisen i kategorien barne- og ungdomslitteratur, men òg eit tydeleg bidrag til ein stadig større skjønnlitterær tradisjon som tematiserer livet til etniske minoritetar i Skandinavia. Kjente, kritikarrote dømme frå tradisjonen er mellom anna Jonas Hassen Khemiris *Ett öga*

Sitering: Stengrundet, E. (2023). Eit nynorsk tilskot til den moderne migrasjonslitteraturen – Erlend Skjetnes *Eit anna blick* (2021) i ein skjønnlitterær kontekst. I A. Neple, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Nynorsk samtidslitteratur og skriftkultur. Festskrift til Geir Hjorthol* (Kap. 3, s. 53–78). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.203.ch3>
Lisens: CC-BY 4.0

rött (2003), Yahya Hassans *Yahya Hassan: Digte* (2013) og *Yahya Hassan 2* (2019), Maria Navarro Skavangers *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) og Zeshan Shakars *Tante Ulrikkes vei* (2017), *Gul bok* (2020) og *De kaller meg ulven* (2022).

Gjennom ei nærlesing vil eg i denne artikkelen først freiste å vise at *Eit anna blick* bør lesast inn i tradisjonen eg her vil kalle *migrasjonslitteratur*, slik Guri Ellen Barstad, Annika Bøstein Myhr og Elin Nesje Vestli (2022) definerer det: «Migrasjonslitteratur omfatter litteratur som gjen-speiler forfatterens egne erfaringer med migrasjon, og litteratur skrevet av forfattere som ikke selv har noen biografisk berøring med migrasjon, men som i sine tekster reflekterer over temaet» (s. 13–14). Skjetne si bok tilhører den andre kategorien.¹ Hovudpoenget mitt vil vere at romanen knyter seg tydeleg til den moderne migrasjonslitteraturen gjennom både innhald og form. Når det gjeld innhald, blir slektskapet særleg tydeleg gjennom skildringa av minoriteten sitt møte med nasjonen og folket, og når det gjeld form, er det likskapar i dei forteljetekniske vala, som både i *Eit anna blick* og i andre migrasjonsbøker løfter fram spørsmålet om kven som har moglegheit til å snakke og bli høyrd.

I denne artikkelen vil eg ikkje berre argumentere for at *Eit anna blick* er eit bidrag til migrasjonslitteraturen slik han er mest kjent i dag. Eg vil òg argumentere for at romanen forhold seg aktivt til den nynorske litteraturtradisjonen. Dette er ein vanskelegare diskusjon. For det første blir nynorsken i seg sjølv lite tematisert i romanen, og for det andre er det vanskeleg å avgjere kva som skil nynorsk samtidslitteratur frå samtidslitteratur skriven på bokmål. Jan Inge Sørbo (2018) skriv om dette at nynorsk litteratur tradisjonelt «har eit eige språk, ei eiga stemme, eit eige blick og nokre gjennomgåande tema» (s. 10). Når det gjeld samtida, fortset han, er det likevel slik at nynorsk litteratur «er i ferd med å missa førenamnet», og «[h]an handlar i liten grad om nynorsk» (s. 636). Det som likevel gjer at boka markerer seg som del av den nynorske litteraturtradisjonen, er at staden det heile går føre seg på, er ei bygd i Nord-Noreg. Det er sjølvsgagt

¹ Akkurat kva ein skal kalle denne litteraturen, har vorte diskutert ei rekke gonger (sjå Barstad, Myhr og Vestli 2022, s. 16–23 for ei oversikt over diskusjonen). Eg vil ikkje gå djupare inn i diskusjonen her, men berre kort nemne at *Eit anna blick* vil falle utanfor fleire av definisjonane som finst, sidan Skjetne sjølv er etnisk norsk. Ein slik definisjon er etter mi meining for snever.

ikkje slik at all nynorsk litteratur er plassert i eller handlar om bygda eller bygdelivet, men Sørbo (2018, s. 13) peiker på at bygda og spenninga mellom by og bygd er eit yndlingstema, eit topos, i nynorsk litteratur, og også Geir Hjorthol (2019) er inne på at nynorsken «tradisjonelt høyrer heime [på landet]» (s. 105). I den samanheng vil eg vise at *Eit anna blick* ikkje berre plasserer handlinga i ei bygd, men at ho òg dveler ved kva akkurat det å ha bygda som ramme har å seie for opplevinga av å vere asylsøkar i Noreg. I tillegg vil eg løfte fram ein mogleg intertekstuell forbindelse som styrker tilhøyrsla til *denne* tradisjonen.

I det vidare vil eg presentere boka nærmare, før eg diskuterer slektskapen med for det første migrasjonslitteraturen og for det andre den nynorske litteraturtradisjonen. Avslutningsvis vil eg freiste å argumentere for at *Eit anna blick* kan reknast som det første tydelege nynorske skjønnlitterære bidraget til den moderne migrasjonslitteraturen.

Historia om asylsøkaren Anwar

I *Eit anna blick* kan ein lese historia til den 17 år gamle asylsøkaren Anwar frå Afghanistan. På notidspunktet i forteljinga er Anwar i ein tellleir for flyktningar i Frankrike, og historia ein får lese, har han skrive i to kladdeløker som han avsluttar boka med å sende til læraren sin i Noreg. Denne historia handlar om tida hans på eit asylmottak i Porsanger. Der lever han saman med 17 andre unge afghanske gutar. Ganske tidleg får han ein romkamerat, Walid, som òg blir den einaste blant gutane han kan kalle ein ven. Anwar står nemleg ikkje høgt oppe på rangstigen i mottaket: For det første er han hazara, ei folkegruppe i Afghanistan som ein forstår ikkje står høgt i kurs. For det andre har han tuberkulose. Sjukdomen er ikkje smittsam, men gjer likevel at han blir utestengd av dei andre. Såleis er det klart at Anwar er ein minoritet blant minoritetar.

Handlinga i romanen går elles ut på at Anwar bruker mykje tid på å lære seg og å filosofere over det norske språket. Det er ikkje utan grunn at han blir kalla professoren, eit kallenamn han òg identifiserer seg med. Til venen Walid er det knytt meir dramatiske ting. Han er ikkje opptatt av skule og det intellektuelle, men han er opptatt av den lokale jenta Synnøve. Dei to får god og nær kontakt, men dette tar slutt når det blir kjent at

Walid har ein seksuell relasjon med verja si, Hege. Dette er ikkje ein ønskt relasjon frå Walid si side, og når det gjer at han mistar Synnøve, utfører han i første omgang hærverk mot Hege, som å ripe opp bilen hennar. Det blir klart at han slit psykisk, og han får medisinar. Dramatikken tar likevel ikkje slutt, og noko av det siste som skjer, er at han ikkje tar medisiane, stel ein kniv frå kjøkkenet og går ut i natta. Lesaren får ikkje vite akkurat kva han gjer, men det endar med politiavhøyr og avisoverskrifter. Ei mogleg tolking er at han drep verja si.

Samstundes med desse dramatiske hendingane får Anwar, som har fylt 18 år, avslag på asylsøknaden sin, og heller ikkje klagen på vedtaket fører fram. Anwar vil ikkje tilbake til Afghanistan og tar saka i egne hender: Han flyktar ut frå vindauget i mottaket, og det aller siste ein får lese om, er altså at han er i ein teltleir i Frankrike.

Boka handlar overordna sett om korleis det er å vere ung, mannleg asylsøkar i Noreg generelt og på bygda spesielt, og ho teiknar opp eit dystert bilde. Den dårlege behandlinga gjennomsyrr kort sagt heile teksten. Rett nok er det, som eg òg vil vise, nokre lysglimt i alt det mørke, men desse lysglimta er ikkje sterke nok til å redde gutane på mottaket.

Møtet med den norske nasjonen

Romanen *Eit anna blick* set tydeleg ord på at det er ein diskrepans mellom korleis unge asylsøkarar blir behandla, og korleis den norske nasjonen framstiller seg sjølv. Dette kjem til uttrykk på ulike måtar, mellom anna gjennom eit kunstverk som blir laga. Utgangspunktet er at Walid har kome gjennom Russland, og i likskap med mange andre som kjem den vegen, måtte han legge att sykkelen ved grensa. Anwar fortel så at «ein kunstnar fekk bruke syklane til å lage eit kunstverk, eit symbol på noko djupt og alvorleg som openbert hadde med oss gutane på mottaket å gjere. Det kunstverket står i dag på eit museum, trur eg, på ein stad langt borte» (Skjetne, 2021, s. 12–13). Som Anwar skriv, er kan hende ikkje akkurat Walid sin sykkel integrert i kunstverket, men kritikken er tydeleg nok og blir òg løfta fram av ordet «symbol» i sitatet: Dette er eit døme på symbolpolitikk, og det er eit stort gap mellom bildet Noreg vil skape av seg sjølv, og den faktiske praksisen, som Anwar og fleire av dei andre

gutane på mottaket må lide for. For Anwar har ei heilt anna oppleving av staten si ivaretaking av slike som han. Dette reflekterer han eksplisitt over i samband med at han har lært om fenomenet nyttårsforsett:

[D]et er umogleg å sette seg skikkelege mål når ein ikkje sjølv kan påverke livet sitt, når ein er ein kasteball som byråkratane i det norske asylsystemet kan dun-dre i veg nøyaktig dit dei vil, eller for den del berre la ligge – som i ein cricket-match, uendeleg lang og full av uforståelege reglar. I ein slik livssituasjon mistar ein sjølve lysta til å sette seg mål, til og med dei som verkar realistiske, fordi ein veit at neste dag kan snu ned opp på alt. (s. 73–74)

Det spelar inga rolle om Anwar vil integrere seg og lærer seg norsk på rekordtid, for staten er han berre eit namn på eit papir, og det endar med at han ikkje får kome inn i «det varme, norske huset» (s. 160), som kanskje er ein referanse til det politiske slagordet til Jagland-regjeringa. At det ikkje er heilt truverdig at ein ung afghanar kjenner til denne referansen, og at ein kan mistenke at det er ei litt eldre, norsk forteljarstemme som skin gjennom her, er ein diskusjon eg vil kome tilbake til seinare.

Symbolpolitikken og den norske ignoransen blir òg tydeleg ved at det blir trekt ei linje mellom asylungdommen og samar og kvener. I den korte tida Anwar er i Noreg, har både samane og kvenene sine nasjonaldagar. På samane sin dag ser det ut til at heile bygda har møtt opp til feiring: «Det var tjukt med folk», og det er stor ståhei med song og talar på rådhuset (s. 119). Kvenene sin dag får rett nok mindre merksemd. Han blir berre markert av at læraren doserer «i det vide og breie om kvenane» (s. 162). Også dette minner om symbolpolitikk. Ei slik feiring av samar og kvener på éin av årets dagar kan tolkast som symbolpolitikk av same typen som migrasjonskunsten. Det som stadfester at det nettopp er symbolpolitikk, og viktigare i denne samanhengen, er at minoritetar som gutane på mottaket blir behandla slik dei gjer. Det skulle vere enkelt å sjå samanhengen mellom dei ulike gruppene, ikkje minst fordi mottaket gutane bur på, tidlegare var eit internat særleg for samiske og kvenske barn (jf. s. 48). Det er likevel ingen som tar parallellen innover seg, noko som blir konkretisert ved at så godt som ingen verken anar eller er interesserte i kva for eit hus mottaket ein gong var. Anwar spør dei som jobbar på mottaket, om historia til huset, men dei han spør, «verka forbausa over at det i det

heile var mogleg å *tenke* på noko så meiningslaust» (s. 46). Den avvisande forbausinga avslører kor historielause dei er.

Det finst vel å merke unntak frå den ignorante haldninga, men da er det ikkje i minoritetanes favør. I eit tilfelle blir det nemleg trekt ei linje mellom gutane på mottaket og den norske urbefolkninga, men da er det berre for å oppretthalde undertrykkinga. Anwar og Walid er på butikken, og dei forstår først ikkje kva dama i kassa seier. Da utbryt eit par lokale gutar til kvarandre: «Dei forstår ikkje norsk [...] Håkon, kanskje du skal prøve deg med samisk?» (s. 19). Samla sett blir det klart at det norske samfunnet ikkje egentleg har lært noko av historia, og den storslegne feiringa av samanes dag får eit skarpt ironisk drag over seg.

Møtet med majoritetsbefolkninga

Også når det gjeld konkrete møte med majoritetsbefolkninga, er det stort sett ein jammerdal som blir skildra, og boka blir i denne samanhengen ein kommentar til den postkoloniale diskursen som Edward W. Said diskuterer i den kjente studien *Orientalism. Western conceptions of the Orient* (1978/2018). Ifølge Said er orientalisme ei «tankeretning» (ein diskurs) som går ut på at «den Andre» (minoriteten) blir framstilt som den negative motparten til «den Første» (majoriteten). Slik kan «den Første» oppretthalde makta over «den Andre», som blir tenkt på som usivilisert, utamd og rå. Eit sentralt tema i *Eit anna blick* er kort sagt kor sterk denne diskursen framleis er. Han lever i beste velgåande, ikkje minst hos dei tilsette på mottaket, noko som er best skildra gjennom leiaren på mottaket, som gutane har gjeve kallenamnet «Isbjørnen» på grunn av «temperamentet og det kritkvite håret» (Skjetne, 2021, s. 24).

Når det gjeld Isbjørnen, røper Anwar rett nok at han «likte ho litt», fordi ho seier ting rett ut i staden for å gøyme meiningane sine bak norsk høflegheit, og éin gong viser ho òg ei medmenneskeleg side. Anwar har vore ute og leita etter Walid, som har hatt eit psykisk samanbrot, og da han kjem til mottaket att, seier ho at det er «fæle greier», ho takkar Anwar for hjelpa, og ho avsluttar med å gje han «ein rykande kopp gløgg» (s. 107). For lesaren av boka framstår likevel ikkje Isbjørnen som eit godt menneske. Ein ting er at ho er meir opptatt av omdømmet til mottaket

enn av velferda til gutane. Da Walid har vore i avhøyr hos politiet på grunn av hærverk, er det ikkje han ho bryr seg om da han kjem tilbake. Ho er sint på han på grunn av «det øydelagde ryktet til både det fantastiske mottaket og alle dei fantastiske tilsette på det fantastiske mottaket», skriv Anwar (s. 182), og ein annan gong freser ho: «Folk *snakkar* om dykk i bygda!» (s. 185). Ein annan grunn til at ho framstår som ein negativ person, er at ho nettopp er prega av den nemnde diskursen. Ho er kort sagt full av fordommar. Eit døme er når ho reagerer på musikk og dans på mottaket på dette viset: «Vi skal ikkje ha noko muslimsk bønneparty i stua, den slags får de halde på romma dykkar eller i moskeen!» (s. 133). Som Anwar sjølv skriv: «Kor ho fekk det ifrå at musikken og dansinga deira hadde noko som helst med islam å gjere, veit eg ikkje» (s. 133). Den same fordomsfulle haldninga overfor gutane kjem til uttrykk når ho forbyr gutane å gå på fritidsklubben og i same slengen vil lære dei litt om korleis ein skal behandle jenter: «[Ho] understreka spesielt at vi aldri måtte vere pågåande overfor jenter, alltid ta eit nei for eit nei, og helst ta eit ja for eit nei òg» (s. 185). Forbodet avslører at integrering ikkje står i høgsetet til styraren på mottaket, og det avslører at ho ser på gutane som potensielle valdtektsmenn. I boka viser det seg at det ikkje er gutane som er det, tvert om er det ei som ein aldri ville mistenkt for noko slikt, fordi ho er kvinne og del av majoriteten: Hege, verja til Walid. I romanen ligg det slik sett ein tydeleg vilje til å utfordre diskursen.

Møtet med lokalsamfunnet er heller ikkje noko å rope hurra for. Grensene mellom majoritet og minoritet er skarpe, noko som allereie er antyda gjennom Anwar og Walids møte med den lokale ungdommen i butikken. I skildringa av turen til butikken gjer Anwar seg ein refleksjon som nettopp handlar om eit slikt skilje: «Langs dei små vegane låg husa der folk budde; der hadde slike som vi ingenting å gjere» (s. 16). Når dei er på butikken, blir oppfatninga bekrefta. Den lokale ungdommen, representert av tre gutar, glør «mistruisk» på dei. Allereie blikka deira tilseier at lokalungdommen er prega av diskursen, og tinga dei seier, stadfester inntrykket, som «Skal de ikkje ha bacon? [...] Det er det beste i heile butikken», og «Skattepengane våre! [...] Alt går til oliven og kneippbrød» (s. 18–19). Anwar er faktisk ikkje muslim, men kan ete svin, og pengar har dei elles særst lite av. Det heile kulminerer når det blir

arrangert ein fotballkamp mellom gutane frå mottaket og gutar frå den vidaregåande skulen i området. Walid taklar ein av gutane frå butikken, og guten freser til Anwar lærar, som opptrer som dommar: «Kva slags pakk er det du har tenkt å sende ut i det norske samfunnet? Dei er jo fullstendig ville, heile gjengen!» (s. 153). «Dei», «pakk», «ville», «heile gjengen» – ei tydelegare gjentakning av den postkoloniale diskursen kan ein knapt finne.

Det finst personar som møter gutane på anna vis, men utan at det alltid er positivt. Eit meir uskuldig, men likevel uheldig tiltak kjem frå det som truleg er pensjonistane på staden. Det er iallfall snakk om «ei foreining av gamle damer», og dei kjem til mottaket med avlagde klede, og desse blir beskrivne som ikkje «direkte nye, for å seie det pent» (s. 49). Anwar sjølv endar opp med ein knesid, grågrøn frakk med ullfôr. Scena skildrar i stor grad velmeint, men forkvakla hjelp. Dei gamle kleda blir eit ytre teikn på utanforskapen og fattigdomen til gutane, slik Anwar sjølv reflekterer over: «Om du hadde sett ein som meg i ei lita arktisk bygd kledd i knesid grågrøn frakk, ville du ha lurt både på kor denne underlege fyren kom ifrå, og kor den like underlege frakken hans kom ifrå» (s. 49). Kleda blir kostyme som understrekar at han og dei andre utgjør ei eiga gruppe i samfunnet som eigentleg ikkje høyrer til der.

Nokre av personane Anwar og dei andre møter på, klarar i større grad å overskride kulturelle grenser. Eit døme er politimannen på staden. Anwar går til politiet for å hjelpe Walid med å melde broren sakna. Det verkar i utgangspunktet ikkje som Anwar har særleg tiltru til at politiet vil klare å sjå forbi dei kulturelle grensene, for han tar bildet av broren til Walid ut frå Koranen, der det eigentleg ligg, og legg det over i ein norsk bibel. Anwar forventar med andre ord at politimannen er prega av den same diskursen som mange av dei andre på staden. Men mistanken til denne maktinnehavaren blir gjort til skamme. På feiringa av den samiske nasjonaldagen kjenner politimannen att Anwar og gjev han eit nikk, noko som betyr mykje: «At han nikka til meg og på den måten respekterte meg som eit lovleg innslag i det norske samfunnet, sette eg pris på», skriv Anwar (s. 120). At ein så liten gest får så stor betydning, seier også noko om kor sjeldan gutane opplever å bli respekterte og sett som individ.

Den aller viktigaste personen for Anwar sjølv, sett vekk frå venen Walid, er likevel læraren. Han har ei heilt anna tilnærming til gutane, noko som kjem fram allereie i det første møtet gutane har med han, der Anwar blir overraska: «Espen, heitte han, og eg vart forbløffa over kor godt han forstod det vi sa, som om øyra hans var spesielt tilpassa ugrammatiske setningar» (s. 31). Espen har så klart ikkje spesielle øyre, men motsett mange andre *ønsker* han å forstå. Gjennomgåande i boka har han ei anna innstilling til gutane: Han respekterer dei, han vil at dei skal bli integrerte, og han bryr seg om dei som ulike individ. Forskjellen blir ikkje minst tydeleg ved at han og Isbjørnen agerer stikk motsett av kvarandre da gutane på mottaket ordnar i stand middag: «Kor eg gler meg til å smake!», strålar læraren, medan Isbjørnen berre blir ståande i døropninga. «Eg veit ikkje kvifor *ho* ikkje åt middag i lag med oss», tenker Anwar (s. 96, 97).

Men til og med den velmeinande læraren har sine sider, som kjem fram når Anwar og Walid finn ut at dei skal besøke han. Sambuaren til læraren spør kven det er som har kome på døra, og læraren, som ikkje er førebudd på besøket, svarar: «Nokre elevar av meg, afghanarar.» Han rettar straks seg sjølv: «Dei afghanske gutane, to av dei afghanske gutane ...» (s. 202). Læraren avslører at han, som andre, er fanga av ein vestleg tenkemåte der minoriteten blir sett som ei gruppe i staden for ulike individ. At det ikkje er slik, er eit poeng som stadig blir gjentatt av Anwar, mellom anna i ei av dei tidlegaste oppgåvene han skriv på skulen: «Her [på mottaket] er alle forskjellig som snø og regn. Som ein liten globus – forstår du, lærar?» (s. 15). Men kor mykje forstår læraren? Sjølv om det sjølv sagt er formildande at han straks korrigerer seg sjølv, kan det hende det er slike tilfelle som gjer at Anwar sin refleksjon over kulturelle forskjellar og moglegheita til å overskride dei endar heller pessimistisk.

Anwar reflekterer fleire stader over at minoritet og majoritet er på forskjellige klodar, og «når desse klodane kolliderte, kunne det bli stygt» (s. 184). Med våren kjem likevel eit håp, for grensene mellom minoritet og majoritet blir brotne ned, og verda kjem inn i mottaket: «Det viste seg nemleg at andre av gutane hadde greidd å få venner» (s. 184). Ikkje desto mindre fortel erfaringane til Anwar han at venskap ikkje kjem til å vare, og han er atterhalden til moglegheita for å overskride kulturelle grenser:

Dei seier at alle menneske inst inne er like, at forskjellane liksom berre sit i huda, men er det sant? Er det overhovudet mogleg å finne *heilt* fram til kvarandre over alle kulturelle vidder og språklege fjell, gjennom dalar av misforståingar og kløfter av feiltolkingar, mellom to land så forskjellige som Noreg og Afghanistan? (s. 185)

Anwar's betraktning kan ein sjå i samanheng med det Said (2018) skriv om styrken til den postkoloniale diskursen: «Man bør aldri gå ut fra at orientalismens struktur bare består av løgner og myter som, dersom sannheten om dem ble avslørt, ville forsvinne som dugg for solen» (s. 16). Det er ikkje enkelt å vinne over diskursen, og at sjølv ein så positiv og velmeinde person som læraren ber preg av han, blir eit tydeleg bilde på nettopp det. Anwar får dessutan rett i sin pessimistiske spådom: Venskapa blir brotne.² Denne tydelege tematiseringa av den postkoloniale diskursen er ein av tinga boka har til felles med annan moderne migrasjonslitteratur, men før eg kommenterer det nærmare, vil eg undersøke korleis romanen fortel om alt dette.

Særtrekk i forteljemåten

I tekstar som tematiserer kulturelt mangfald, er det alltid relevant å undersøke kven som snakkar. Det var Gayatri Spivak som gjorde spørsmålet kjent gjennom den ofte siterte artikkelen «Can the Subaltern Speak?» (1988), der ho nettopp diskuterer kven si stemme som blir høyrd. Med utgangspunkt i Spivak meiner Tatjana Kielland Samoilow og Per Esben Myren-Svelstad (2021) at ein i tekstar som tematiserer kulturelt mangfald, kan undersøke «[h]vem som kommer til orde og ikke, og hvordan en tekst fremstiller stemmeløshet» (s. 104). Dette er, som eg vil vise i det vidare, høgst relevante spørsmål for *Eit anna blick*, men der Spivak konsentrerer seg om at det ikkje finst ein stad svarte kvinner frå sør kan snakke frå i ein vestleg diskurs, er poenget i denne romanen at det i dag er unge mannlege asylsøkarar som står i denne situasjonen.

2 I tillegg er det i utgangspunktet heller ikkje heilt ekte venskap. Det er snakk om venskap med langt yngre gutar og jenter, og slike venskap er, som Anwar òg er inne på, bygde på litt andre premissar (jf. Skjetne, 2021, s. 184).

Spørsmålet om kven som snakkar, har avla fram kritikk i eit elles hovudsakleg positivt meldarkorps. I *Periskop* skriv Henrik Hovland (2021) at «[f]å grupper i det norske samfunnet har vært så mye omtalt uten selv å få komme til orde, som mindreårige asylsøkere fra land som Afghanistan», og i utgangspunktet meiner han at det er «noe prisverdig ved Erlend Skjetnes forsøk på å gi stemme til de stemmeløse». Ikkje desto mindre finn Hovland at Skjetne ikkje lukkast heilt. For det første er han kritisk til blandinga i boka av grammatikalsk feilfrie setningar og grammatikalsk ukorrekte setningar. Kritikken gjeld særleg at replikkane til gutane frå mottaket er ugrammatikalske, medan replikkane frå dei etnisk norske er grammatikalske, og for Hovland framstår ikkje dette som truverdig. For det andre meiner Hovland at Anwar fortel ting til lesaren som ein «ekte» afghanar neppe ville sett som naudsynt å forklare. Samla sett meiner meldaren at «17-årige Anwar er en maske, og i glipene til øyne er det en voksen, etnisk norsk forfatter som titter ut», det er kort sagt ikkje ei «troverdig førstepersons-fortelling fra ståstedet til en mindreårig afghansk flyktning» (Hovland, 2021). Men spørsmålet er om Hovland treff rett i kritikken, for er *Eit anna blick* eigentleg ei tradisjonell førstepersonsforteljing, og er det eit «naivt prosjekt» (jf. Hovland, 2021)?

Sjølv om det står «eg» i romanteksten, og sjølv om det er klart at dette eget refererer til Anwar, får ikkje lesaren direkte tilgang til Anwar sitt språk. I epilogen kjem det fram at Anwar har skrive historia si i to kladdbøker, og han sender desse til læraren i Noreg. Han oppfordrar da læraren til å «rette dei siste feila mine, dei eg aldri kjem til å oppdage same kor lenge eg leitar» (Skjetne, 2021, s. 226). Det er med andre ord ein filtrert tekst som kjem til uttrykk i boka. Dette kan forklare kvifor blandinga av det grammatikalske og ugrammatikalske er som ho er: Læraren har tatt eit val om å skrive replikkane i samtalene mellom Anwar og Walid og dei andre gutane på mottaket slik at dei blir representerte gjennom sitt språk, medan han kan ha retta dei andre replikkane, slik at framstillinga ikkje skal framstå som utruverdig for den fiktive lesaren. Det viktigaste for Anwar må jo vere å bli høyrd og forstått, slik han i fleire tidlegare tekstar til læraren stadig spør om han forstår (s. 15, 211), og slik han går til læraren for å sikre seg at klagen på utkastingsvedtaket ikkje har «for store feil som hindrar kommunikasjonen» (s. 143). Læraren kjenner Anwar og

veit at det viktigaste for han er å bli forstått. Hovudpoenget mitt er altså at det ikkje nødvendigvis er *forfattaren* Skjetne som «titter ut» i glipene i boka, det kan like gjerne vere læraren Espen. Forteljemåten gjer med andre ord at boka unndrar seg Hovlands kritikk av blandinga mellom det grammatikalske og ugrammatikalske.

Når det gjeld kritikken av at Anwar fortel ting som ein «ekte» afghanar neppe ville sett som naudsynt å skrive, kan ein på den eine sida forklare det med at Anwar er skarp og mottakarbevisst. På den andre sida kan ein gje Hovland noko rett, for det er referansar i teksten som skurrar, til dømes den moglege referansen til Jaglands «Det norske hus», som eg har nemnt tidlegare. Til det er å seie at sidan læraren ikkje gjev seg til kjenne som redaktør av manuset, veit ein ikkje kor mykje han har redigert, og det *kan* vere at læraren har lagt inn nokre forklaringar som ikkje stod der i det opphavlege manuset, også det av omsyn til både Anwar og den fiktive lesaren. Vidare *kan* det vere at det er læraren som har lagt inn den moglege Jagland-referansen, slik at til dømes nasjonskritikken blir sterkare. Det er iallfall sikkert at læraren meiner Anwar formulerer seg for mildt. Da læraren har lese Anwar si klage på utkastingsvedtaket, seier han: «Brevet er greitt, Anwar. Men du kan vel kanskje smøre litt tjukkare på, eller?» (s. 144). Anwar vegrar seg, men læraren tar grep og føyer til nokre setningar. Det kan hende læraren har gjort det same i romanen, for han er openbert forferda over korleis ungdommar som Anwar blir behandla: «For nokre forferdelege kjeltringar, for ein umenneskeleg politikk», utbryt han da det kjem fram at Anwar ikkje får opphaldsløyve (s. 143).

Det viktigaste poenget er likevel ikkje om boka går heilt klar for kritikken til Hovland eller ikkje. Det viktigaste er derimot at forteljemåten set søkelys nettopp på utfordringa om kven som blir høyrd. Anwar er fullstendig klar over at å mestre eit språk er heilt sentralt for å ha ei stemme som blir høyrd. I epilogen skriv han:

Alt frå byrjinga var det norske språket ei uro i meg, ei kriblande kjensle. Det kom til meg med håp og draumar som lyste i meg – på norsk. Eg tok til å leite etter ord for å uttrykkje kjenslene mine, følte meg trygg på at menneska som snakka norsk, ville høyre på meg og forstå meg. Men språket ytte motstand, kampen vart hardare enn venta. (s. 225)

Slike kampar blir òg beskrivne gjennom handlinga i boka. Mellom anna kjempar han ein slik kamp på legekantoret. «Vi treng ikkje tolk, [...] eg skal forstå», seier Anwar, men utan å bli høyrd. Det blir til at tolken likevel vil omsette for Anwar, men kvar gong fortar Anwar seg å avbryte tolken: «Tolken byrja tolke, men eg overdøyvde han», «Tolken starta på att, men eg skar igjennom», «Tolken prøvde seg på nytt, men eg sa kjapt», og «Og tolken starta heroisk endå ein gong, og no var eg høfleg, venta til han nesten var ferdig før eg avbraut» (s. 138–139). Det heile blir humoristisk, men temaet som ligg under, er alvorleg. Det er ein hard kamp for å bli høyrd, og ved at boka ikkje er direkte fortald frå Anwar, blir lesaren oppmoda til å tenke over: Kva skal til for at gutar som Anwar skal få ei stemme? Skal det verkeleg vere slik at dei berre kan bli høyrde indirekte, og at det å bli høyrd er avhengig av at dei har flaks og møter ein person som læraren Espen? Det er openbert ikkje mange som Espen rundt omkring. Boka synleggjer med andre ord at dei unge asylsøkarane, trass i boka *Eit anna blikk*, i realiteten er stemmelause. Resultatet av dette kan vere at dei finn si stemme på eit anna vis, til dømes gjennom vald, slik Walid gjer, og for dei stemmelause er akkurat det dobbelt uheldig, fordi det bidreg til å stadfeste fordommane til majoriteten. Med dette vil eg gå over til den overordna oppbygginga av boka, med særleg vekt på spørsmålet om kvifor Walid si truleg valdelege handling ikkje blir beskriven i teksten.

Også når det gjeld den overordna oppbygginga, har Skjetne fått noko kritikk. NRK sin meldar Anne Cathrine Straume skriv:

Til tross for Anwars personlige fortelling, blir det noe utvendig i skildringen av de unge guttene. Mye holdes tilbake, og det er nok meningen, for dette er en roman med åpen slutt. At noe svært dramatisk har hendt, blir vi klar over. Jeg mener fortellingen *hadde blitt enda mer engasjerende* om den bygget tydeligere opp mot dette allerede fra starten. (Straume 2021, mi utheving)

Straume har heilt rett i at romanen er fragmentarisk, bygd opp av små brotstykke med hopp i tid og stad, og at det kan vere frustrerande for lesaren ikkje å få vite akkurat kva Walid gjer. At dette burde vore annleis, er eg likevel langt frå samd i. For det første mimar forma ikkje berre minnearbeidet til Anwar. Det er òg eit resultat av dei materielle vilkåra han

lever i. Han har ikkje moglegheit til å skrive eit strengt samanhengande narrativ, for i teltleiren i Frankrike må han kladde historia «på det tåpelegaste av papir, det vere seg serviettar, toalettpapir eller avissider, kva enn eg får fatt i» (Skjetne, 2021, s. 226). At slutten er open, meiner Straume nok er villa, og det òg har ein funksjon i denne boka: Det er eit uttrykk for den usikkerheita Anwar står i. Han *kan ikkje* vite korleis det skal ende. Det er dei vilkåra unge asylsøkarar lever under.

Så langt er eg nok på linje med Straume, men eg er meir kritisk til Straume si meining om at lesaren ikkje får vite nok til å bli engasjert. Her meiner eg Straume etterlyser eit engasjement som boka nettopp er eit motsvar til: Boka skal ikkje engasjere som ei kriminalhistorie. Slike historier om unge asylsøkarar kan ein lese andre stader, noko som òg blir kommentert i boka: «No kunne eg like gjerne ha overlate ordet til avisene; alt stod ganske så detaljert der» (s. 207). Men Anwar vil ikkje fortelje den vanlege, kjente historia (som genererer fordømmar). Han vil derimot la si stemme bli høyrd: «Men når eg så langt har vore tru mot mi eiga historie, halde meg til det vesle eg såg og veit, får eg stå løpet ut» (s. 207). Å ikkje gjere den kriminelle handlinga til hovudsak blir sentralt fordi det set fokus på den stemma som ikkje får rom elles, og det er ei stemme som bør bli høyrd, fordi den stemma kan gje innsikt ikkje berre i kva som skjer, men i *kvifor* noko slikt skjer.

Dessutan meiner eg at denne tilbakehaldinga av kva som skjer, gjev lesaren moglegheit til å leve seg inn i den frustrasjonen gutane på motaket må leve i kvar einaste dag: Dei får ikkje informasjon, dei veit ikkje kva som skjer, og dei har svært lita moglegheit til å påverke si eiga historie. Dette blir tydeleg til dømes når Anwar og læraren forsøker å endre avgjerda om utkastning. Trass i sitt harde strev for å integrere seg, og trass i at han har tuberkulose, fører ikkje klagen fram. Dei fleste lesarane av boka lever vel å merke ikkje under dei same harde vilkåra, men i det minste er lesaren prisgjeven boka sine vilkår: Det som står, det står, og uansett kor mykje ein gjerne vil vite meir eller endre noko, så kan ein ikkje det.

Eit siste trekk i boka som må få merksemd, er sjølve språket. Som alle-reie antyda er språket i boka ei blanding av normert nynorsk og relativt ugrammatikalsk nynorsk i replikkar, og i tillegg er det attgjeve tekstar

som Anwar har skrive på skulen, altså tekstar skrivne av ein som er i ferd med å lære seg språket. Alle delane er særmerkte av at Anwar er genuint språkinteressert og forsøker ikkje berre å lære seg grammatikk, men òg faste fraser og uttryksmåtar. Dette blir løfta fram som ein kvalitet i fleire meldingar. Til dømes skriv Straume (2021) at boka er språkleg sterk, og at det ligg «mye humor i omgangen med språket». Ho løftar fram vendingar som «orden og sysaker» og «påsmurt flesk», medan Magnus Rotevatn (2021) i *Framtida* ber lesaren smake på ordet «altforlanghelg». Fleire døme kan bli trekte fram: Til dømes skriv Anwar om verja si at ho har «eit hjarte av sølv», og den gode politimannen må trekke på smilebandet når Anwar tiltalar han som «min gode mann» (Skjetne, 2021. s. 36, 70). Språket i romanen er ikkje berre morosamt, men gjev òg ein framandgjerande effekt, på lik linje som Anwars blikk gjer det, til dømes når han på butikken tenker at det er «mat nok til tusenvis av menneske», og når han skildrar noko så kvardagsleg som eit brød som «eksklusivt» (s. 16, 17). For lesaren blir dette ei synleggjering av kva for overflod mange lever i i kvardagen utan å legge merke til det. Det vidare spørsmålet er om trekk som dette er særreine, eller om det snarare knyter boka til andre litterære tradisjonar.

***Eit anna blikk* og moderne migrasjonslitteratur**

Når det gjeld sjølve innhaldet (motiv og tema), skil *Eit anna blikk* seg i utgangspunktet frå bøkene som utgjer den moderne migrasjonslitteraturen, fordi Anwar ikkje har fått innvilga opphald i landet han er i. Hovudpersonane i bøkene eg nemnde i innleiinga, er barn av foreldre som har fått nettopp det. Straume (2021) meiner at boka på dette punktet viser mest slektskap med Simon Strangers trilogi om flyktningar, som består av bøkene *Barsakh* (2009), *Verdensredderne* (2012) og *De som ikke finnes* (2014), men påstanden er ikkje heilt overtydande. Strangers bøker, særleg den første og den siste, handlar om situasjonen for flyktningar utanfor systemet. Livet til den unge guten Samuel, som forsøker å kome seg til Europa, blir skildra som eit liv fylt med økonomisk utnytting, vald, valdtekt og svolt. Kanskje kan ein tenke seg at det er dette livet Anwar vil ende opp med å leve når det endelege avslaget på opphaldsløyva kjem

og han flyktar frå mottaket, men det er ikkje dette livet eller stadiet i ein fluktprosess som blir skildra i *Eit anna blick*. Ikkje desto mindre finn ein fleire likskapar i motiv og tema.

For det første bygger romanen opp ein kontrast mellom Anwar og Walid. Førstnemnde er boksmart, han vil integrere seg, og slik skil han seg frå andre (både minoritet og majoritet) og blir einsam. Den andre er streetsmart, viser motstand mot å integrere seg, til dømes ved at han ikkje legg ned særleg innsats i skulen, og han er betre likt av jamaldrande. Denne kontrasten er parallell til dei to hovudpersonane i *Tante Ulrikkes vei*: Den eine er Mo, som er skuleflink og tar skulen på alvor, fordi han ønsker å leve i takt med majoriteten. Samstundes er dette vanskeleg, og han hamnar utanfor alle grupper. Den andre er Jamal, som er meir opprørsk og streetsmart. Han bryr seg ikkje om skulen, han held hardt på multietnolekta si, og i det store og heile orienterer han seg meir mot minoritetskulturen, der han òg finn sin plass. I Hassans diktsamling *Yahya Hassan* finn ein denne kontrasten i det lyriske eget sjølv. Bokas Yahya er både ein opprørar som orienterer seg mot minoritetskulturen, og ein (skule)smart type som orienterer seg mot majoritetskulturen. Dei kontrastfylte personane i *Eit anna blick* bygger med andre ord på noko som nærmar seg å bli ein klisjé i migrasjonslitteraturen. Som Samoilow og Myren-Svelstad (2020) skriv om gutane i *Tante Ulrikkes vei*: «Mo og Jamal er *gjenkjennelige* typer innvandrerungdom» (s. 12, mi utheving). På den eine sida er det klart kvifor det er slik: Det ber i seg eit ønske om å vise at unge mannlege minoritetar er forskjellige, slik at ein kan utfordre stereotypiske bilde av og fordømmar mot dei. På den andre sida kan ein, som Annika Bøstein Myhr og Anniken Terese Jansen (2022) skriv med utgangspunkt i *Tante Ulrikkes vei*, vere kritisk til ei slik todeling: Karakterar som Mo og Jamal «representerer statistiske ytterpunkter», og viss dei ikkje samtidig blir framstilte som «komplekse og motsigelsesfylte», kan det bidra «til å opprettholde stereotypier» (s. 100). Hovudpoenget mitt er likevel at personkonstruksjonen i Skjetnes bok er mykje brukt i denne litterære tradisjonen.

Ein annan likskap mellom *Eit anna blick* og dei andre bøkene er at måten majoritet møter minoritet på, blir tematisert gjennomgåande i alle bøkene. Møta er så godt som aldri frie for fordømmar. Det er i

den samanhengen verdt å nemne at det skjer eit drap i *Tante Ulrikkes vei*, og i boka blir det klart at media framstiller det feil fordi dei ikkje kjenner bakgrunnen for drapet, og dei er heller ikkje interesserte i han (jf. Shakar, 2017, s. 271). Dette skapar grobotn for fordommar, særleg knytte til æresdrap, og mora til Mo utbryt fortvila: «Tror de [majoriteten] virkelig at jeg kan drepe mitt eget barn?» (s. 277). I *Eit anna blick* har eg påstått at Anwar truleg har gjort seg liknande erfaringar, og at han (og/eller Skjetne) held tilbake opplysningar om handlinga til Walid fordi dei ikkje vil at det skal vere på dette nivået historia engasjerer. Dei vil heller løfte fram kva som kan ligge bak ei slik handling. Ein vilje til å skildre det som ligg bak framstillingane i media, finn ein med andre ord i fleire bøker.

Symbolpolitikkk blir tatt opp og kritisert i *Eit anna blick*, ikkje minst gjennom at staten gjev pengar til eit kunstverk som skal vise at styresmaktene bryr seg, og noko liknande skjer i *Tante Ulrikkes vei*. Regjeringa lanserer Groruddalspakka, som skal vere tiltak for å betre levevilkåra til område der det bur mange minoritetar. Spenninga blir særleg knytt til «det helt sTore», og ein dag skal dei endeleg få vite kva dette «sTore» er. Det viser seg at det er verdas største lampe. Bydelsdirektøren seier høgtidleg at lampa vil «stå og lyse mot alle som kommer. Lyse, som et håpets symbol. Som et symbol på en ny start. Som sola som står opp og varsler om en ny dag» (Shakar, 2017, s. 252). Det er nesten berre dei frå kommunen som klappar til dette. Faren til Mo ristar på hovudet: «Det er lamper overalt. Se der [...]. Ser der. [...] Se der, der, der» (s. 252). I begge bøkene blir med andre ord kunst brukt som eit skalkeskjul av staten, og ekstra ironisk blir det når kunsten i *Tante Ulrikkes vei* skal lyse opp. I bøkene blir forsøket avkledd, og det er snarare bøkene som bidreg til opplysning. Slik blir kunst avkledd via kunst.

Det finst fleire mindre likskapar mellom *Eit anna blick* og kjente døme frå den moderne migrasjonslitteraturen, til dømes slik Hovland (2021) har peika på ein likskap mellom *Eit anna blick* og *Yahya Hassan* når det gjeld Heges utnytting av Walid. Hovland minner om at også Hassan skildrar eit seksuelt forhold til ein kvinneleg kontaktperson, og Yahya er på det tidspunktet berre 16 år. Hassan og Skjetne har på den måten til felles at dei verkeleg set den postkoloniale diskursen på prøve: Det er ikkje

minoriteten som står for overgrep her, korkje når det gjeld maktovergrep eller seksuelle overgrep.³

Når det gjeld den måten *Eit anna blick* blir fortald på, finn ein kort sagt mange kjente grep. Det første gjeld det som med ein gong blir synleg for lesaren av ei slik bok, nemleg at Skjetne utnyttar det språklege potensialet som oppstår i fleirkulturell litteratur. Å la minoritetspersonen uttrykke seg på sitt eige språk finn ein att i mange bøker, som til dømes *Yahya Hassan* og *Tante Ulrikkes vei*. Straume (2021) trekker på si side fram at *Eit anna blick* kan minne om Gulraiz Sharifs ungdomsbok *Hør her'á!*, som «la en uortodoks norsk for dagen i beskrivelsen av pakistansk-norske Mahmoud fra Oslo Øst». At fleirspråklegheit er eit kjenneteikn på tradisjonen, blir òg understreka av Sandra Vlasta (2022), som skriv at i «verk som vi gjerne regner som migrasjonslitteratur, er [den litterære flerspråkligheits mange fenomen] høyfrekvente og forekommer i særleg innovative former» (s. 66). Det innovative i *Eit anna blick* er ikkje at fleirspråklegheit finst, slik det gjerne var tidlegare. Spørsmålet er snarare kvifor boka inneheld normert skriftspråk, og eg meiner det er for å løfte fram spørsmål om kva som eigentleg må til for at ein skal få ei stemme, og ikkje minst kva som skal til for at denne stemma blir høyrd og trudd. Sagt med andre ord: Kor villige er vi til å lese og tru på ei ugrammatisk framstilling viss det ugrammatisk er lagt i munnen på personar som er etnisk norske? Det fleirspråklege og det forteljetekniske heng på den måten tydeleg saman i boka. Den forteljemessige komposisjonen er likevel ikkje særeigen for denne romanen.

I fleire av bøkene som er nemnde ovanfor, til dømes i bøkene til Hassan og Sharif, kjem forteljarstemma ufiltrert til uttrykk. Det gjer ho altså ikkje i *Eit anna blick*, og noko liknande skjer i *Tante Ulrikkes vei*, der det er ein forskar som samlar inn historier frå dei to ungdommane

3 Det kan òg bli nemnt at *Eit anna blick* skil seg frå tradisjonen ved at Anwar er i Noreg utan foreldre, og foreldre har generelt fått liten plass i boka. Barstad, Myhr og Vestli (2022) skriv at kritikken av «strengt, for ikke å si voldelige, oppdragernormer har vedvart i skandinavisk litteratur skrevet av etterkommere av innvandrere», og dei viser mellom anna til Hassan. Eit vanleg tema i forlenginga av dette er at foreldre og samfunnet ikkje aksepterer at ein «er både-og, og krever at man velger enten den ene kulturen eller den andre» (s. 25). Slike tema knytte til foreldregenerasjonen finn ein òg i den andre boka eg har lagt særleg vekt på, nemleg *Tante Ulrikkes vei*, men altså ikkje i *Eit anna blick*.

Mo og Jamal. Den første sender inn tekst via e-post, den andre sender inn lydopptak. Det er desse innsamla tekstane som blir trykte i boka, og forskaren sjølv verkar i utgangspunktet å vere langt i bakgrunnen. Ein får innsyn i nokre e-postar han skriv for å oppmode gutane til å delta og svare og for å takke dei, og i tillegg kan ein lese ein statusrapport som han sender til Barne- og familiedepartementet. Men særleg i tilfellet med Jamal, som skriv dårlegast norsk, har forskaren ei liknande rolle som læraren til Anwar, for han transkriberer opptaka. Han står som eit mellomledd. Det forteljetekniske i *Tante Ulrikkes vei* legg samla sett opp til same diskusjon som *Eit anna blick*: Kva må til for at dei utan stemme skal få ei stemme, og både Skjetnes og Shakars bok gjer det tydeleg at stemmene ikkje hadde kome fram hadde det ikkje vore for ein frå majoritetsbefolkninga. For Anwar blir læraren essensiell, for Mo og Jamal forskaren.⁴

Eit anna særtrekk i forteljemåten i *Eit anna blick* er som nemnt den fragmentariske oppbygginga, som eg meiner speglar ikkje berre Anwars vilkår og minnearbeid, men òg sjøve livsopplevinga hans. Ein kan seie at ein finn ei liknande episodisk oppbygging i bøker som til dømes *Tante Ulrikkes vei*, der gutane skriv og snakkar når dei finn tid og krefter til det, og i *Yahya Hassan*, som er ei diktsamling der dikta kan hoppe til dømes frå å beskrive eit minne om ein fisketur til eit minne om å spikke på ein trepinne på skulen (jf. Hassan, 2014, s. 24, 25). I desse to bøkene speglar det fragmentariske rett nok ikkje sjøve vilkåra dei lever under – dei har skrive- og opptaksutstyr tilgjengeleg – men det kan tolkast som uttrykk for livsopplevinga deira, som for deira del handlar om å manøvrere mellom to kulturar, medan det for Anwar handlar meir om at han ikkje veit noko om eller kan påverke eller kontrollere framtida.

4 Forskaren framstår rett nok ikkje som like sympatisk som læraren Espen, for forskaren bruker ikkje dei innsamla tekstane på ein god og nyansert måte. Samoilow og Myren-Svelstad (2020) skriv at rapporten til forskaren gjer det «tydelig i hvor stor grad individet reduseres til noen få fellestrekk», og «[r]apporten nærer opp under flere kjente fordommer» (s. 124). Læraren til Anwars (eventuelle) redigering av teksten kjem av eit heilt motsett siktemål. Samoilow og Myren-Svelstad (2020) har elles ein liknande diskusjon av funksjonen til det forteljetekniske i *Tante Ulrikkes vei* som den eg har skrivne her (sjå s. 124–125).

Trass i at *Eit anna blick* på nokre måtar og i nokre detaljar har sine særeigne trekk, meiner eg det samla sett er klart at boka skriv seg inn i den moderne migrasjonslitteraturen. Men som nemnd innleiingsvis vil eg òg argumentere for at romanen held den nynorske litteraturtradisjonen i hevd ved at handlinga går føre seg i ei bygd, og at nettopp denne plasseringa er sentral i romanen.

Møtet med bygda

Når det gjeld den nynorske litteraturtradisjonen, kunne ein kanskje venta seg at nynorsken i seg sjølv hadde fått ein god del plass, ikkje minst fordi Anwar og nynorsken kan seiast å ha ein parallell minoritetsstatus, og fordi Anwar er så opptatt av språk som han er. I boka finn ein mange og til dels lange språkfilosofiske utgreingar og undringar, men det er berre éin stad nynorsken blir eksplisitt reflektert over, og da er det ikkje eingong Anwars refleksjon, men læraren sin: «Er det ikkje ille nok at eg masar om nynorsk, endå mange av lærebøkene dykkar er på bokmål?» spør han (Skjetne, 2021, s. 129–130). Det Anwar derimot reflekterer over, er kor han er, og, om enn noko meir implisitt, korleis dette påverkar situasjonen hans.

Når det gjeld staden, er det først verdt å peike på at det neppe er tilfeldig akkurat kva bygd handlinga er plassert i. Som tidlegare nemnt ligg mottaket i Porsanger. Det kjem fram i skildringa av kommunevåpenet, som har «tre reinsdyr i sølv på rød botn» (s. 41). Og ein skulle tru at Porsanger, med si historie, var ein utmerkt stad for eit mottak. På sida til kommunen kan ein lese følgande: «De tre stammers møte kan det godt kalles når du beveger deg i vår kommune. [...] Norsk, samisk og kvensk», og vidare: «Porsanger kommune er den eneste kommunen i Norge som offisielt har definert seg som trekulturell og trespråklig kommune» (Borch, 2016). Som eg har vist ovanfor, ser likevel ikkje denne fleirkulturelle erfaringa ut til å ha sett særleg nyttige spor i befolkninga der (i *denne* boka). Men heller ikkje dette er del av Anwars refleksjon. Det er derimot størrelsen på bygda og den konsekvensen det har.

Bygda Anwars mottak ligg i, er ikkje den aller minste. Det finst til dømes mottak for vaksne som ligg «langt meir avsides til», der dei er

«milevis unna butikk, unna sivilisasjonen overhovudet» (Skjetne, 2021, s. 32). Sett i det lyset er bygda til Anwar nærast ein storby: «Utruleg nok fanst det to butikkar i bygda, Coop og Rema 1000» (s. 16). Men stor er ho eigentleg ikkje, slik Walid ein gong utbryt at bygda deira «verkar heilt åleine i verda!» (s. 141). Ei klar utfordring ved at mottaket ligg slik til, er at det ikkje er noko å gjere for gutane. Anwar opplever såkalla fridagar frå skulen som eit fengsel, men kan trøyste seg med at han iallfall likar å lese og lære. Det er verre stilt for dei andre gutane:

Elles ser eg gutane som surrar rundt, inn og ut døra, flakkande som fluger. Kva skal ein gjere med alle timane, når ein ikkje liker å studere? Dei går på butikken for å pante ei einaste brusflaske, kjem tilbake med handleposar med nesten ingenting i. (s. 42)

Juleferien er ikkje betre. For Anwar er det «to endelause veker då absolutt ingenting hende» (s. 72). Det einaste gutane på mottaket har å gjere, er å diskutere om juletreet er ekte eller av plast, men så «byrja det å ry, [...] og det var slutten på den debatten» (s. 72). Gutane har kort sagt altfor mykje «ledig tid, tid til å gjere absolutt ingenting – eller ugagn» (s. 47). Det siste tillegget – «eller ugagn» – viser at det å vere i ei bygd rett og slett legg godt til rette for at ungdommane på mottaket skal bekrefte den postkoloniale diskursen.

Å plassere eit mottak i ei bygd har vidare konsekvensar for kven som er tilsett der. Anwar fortel at det for berre eitt år sidan ikkje fanst noko mottak i bygda, og han spør seg om «kva desse menneska jobba med før den vesle bygda deira plutselig rann over av afghanarar og syrarar, sudanarar og eritrearar» (s. 41). Han mistenker at dei ikkje hadde nokon jobb: «Om vaktene allereie hadde jobb då flyktningkrisa byrja, ville dei nok ha halde fast ved den jobben framfor å bli plasserte på eit vindskeivt, dårleg isolert mottak i lag med oss desperate menneske» (s. 42). Det kjem ikkje direkte fram om Anwar har rett, men måten dei tilsette er på, kan nok peike i den retninga. Når det gjeld verjene, er det tydeleg slik, for «kva tulling som helst melde seg til det» (s. 35). Til slutt kjem ikkje minst måten læraren fortel på om korleis det tidlegare internatet blei eit mottak: «Han fortalde meg at bygget hadde stått tomt i årevis då kommunen avgjorde at det kunne brukast til å mellomlagre afghanarar» (s. 47–48).

Ordvalet «mellomlagre» fortel mykje: Bak mottaket ligg det ikkje eigentleg eit ønske om å hjelpe gutar i naud. Det ligg heller ikkje ein tanke om integrering her. Men mottaket skapar arbeidsplassar, og kommunen får sysselsett dei som ikkje allereie er i arbeid. Å leve på eit mottak på bygda betyr altså ikkje berre lediggang. Det betyr òg at ein risikerer å bli utsett for eit tilfeldig samanraska personale som ikkje har den utdanninga og kunnskapen ein slik jobb eigentleg krev.⁵

Å leve på eit mottak på bygda er òg utfordrande fordi ein blir så synleg. Det er Walid som kjem med denne innsikta, og det er og først og fremst han som må leve med dei konsekvensane det har. Som nemnt utnyttar verja til Walid han seksuelt, og dette kjem Walids kjærast Synnøve for øyret. Anwar spør nyfiken: «Kjenner dei to kvarandre?», og det er da Walid kan lære Anwar eit og anna om korleis det er å vere ein gut frå eit mottak i ei bygd. Han svarar: «Alle kjenner alle her i bygda, har du ikkje forstått det? Alle kjenner meg òg, endå eg ikkje kjenner nokon» (s. 127). Ryktespreiinga sluttar ikkje å forundre Anwar: «Eg var oppriktig nyfiken på korleis rykte om alt og alle kunne spreie seg så fort i denne bygda. Var det kan hende vinden som bar dei frå hus til hus?» (s. 190). Men for Walid er det ikkje noko å estetisere eller filosofere over: Han må leve med dei harde konsekvensane dette bygdefenomenet har, og ryktespreiinga bidreg klart til at det går så gale som det (truleg) gjer.

At mottaket ligg i ei bygd og ikkje i ein by, gjer det aktuelt å spørje kva rolle naturen spelar i boka. At Anwar lever langt mot nord, gjer at snø, kulde, mørketid og, på den meir positive sida, nordlys stadig vekk er eit tema, men på den andre sida får skildringar av den naturen som skil ei bygd frå ein by, mindre plass enn ein kanskje skulle tru. Det kan hende det er fordi dette slett ikkje er ukjent terreng for Anwar. Han er van med å leve i naturen, noko som kjem fram i skildringa av naturen og livet i Afghanistan:

5 Dette samanraska og tarvelege preget gjeld òg det materielle, til dømes interiøret på asylmottaket: «Rommet vårt var ikkje proporsjonert for to senger – iallfall ikkje to senger med eit stort bord imellom. Dei to stolane var heller ikkje proporsjonerte for bordet. Dei var altfor høge; eg måtte krøke meg framover for å skrive» (s. 21).

Det er eit veldig vakker land, det må vi ikkje gløyme. Men også landet krev mykje av menneska. Sommaren er forferdeleg varm og vinteren forferdeleg kald. Fjella er forferdelege høge og dalane forferdelege djupe. Liv blir så vanskeleg så hard, å dyrke korn for mat og bygge hus og reise og alt veldig vanskeleg. (s. 187)

Berre éin gong har Anwar ein refleksjon om den store naturen han lever i på mottaket. Han betraktar utsikta frå vindauget på rommet og tenker at det han ser, ikkje er pent, for «til det var fjella for svarte, bygda for glis-sen», men det er likevel eit potensial i dette opne landskapet: «Men det var ei vid utsikt, stor og fri, ei utsikt å dikte draumar inn i» (s. 220). Men draumar er no ein gong berre draumar, og den Anwar som sit og skriv, er desillusjonert. Han forstår ikkje «kva som fekk meg til å tru at dette frosne landet skulle vere det rette for meg. Korleis kunne eg innbille meg at eg kom til å passe inn her?» (s. 103). Dette frosne landet er avvisande, og det må bli forstått som ei beskriving av ikkje berre nasjon, system og menneske, men òg av bygd og natur.

I *Eit anna blick* blir bygda framstilt i eit grelt lys. Dette gjer likevel ikkje at ho fjernar seg frå den nynorske litteraturtradisjonen. Sørbo (2018) skriv rett nok at «[f]orsvaret for landsbygda har [...] vore sterkt i nynorsk litteratur», men han understrekar òg at det ikkje har mangla «[b]eiske bygdeskildringar» (s. 597). At Skjetne si negative bygdeskildring dessutan gjerne kan sjåast som ein kommentar til det tradisjonelle bygdeforsvaret i nynorsklitteraturen, blir klart gjennom den intertekstuelle referansen til nynorsk klassikaren «Ved Rundarne» (1861) av Aasmund O. Vinje, som ein finn i kapittelet «Dører». Både Anwar og eget i diktet driv med minnearbeid, og i begge tekstane finn ein eit håp om å finne eit hus. I diktet står det som kjent følgande: «Eg finner vel eit Hus som vil meg hysa, / naar Soli heim mot Notti vil meg lysa» (Vinje, 1871, s. 80). I kapittelet skildrar Anwar på poetisk vis korleis ein kan gå forbi ulike hus i mørkeret i håp om å finne sitt eige. Du-et i teksten finn ikkje huset sitt, men gjev ikkje opp, «ikkje eingong når du står på den ytste stikkvegen og stirar inn i øydemarka [...]: Du trur det kan finnast fleire hus der ute i mørkeret ein stad, der ute må huset ditt vere» (Skjetne, 2021, s. 95). Men til forskjell frå Vinjes eg endar ikkje Anwar i harmoni, men i desillusjon: Det norske huset ville han slett ikkje huse. Å alludere til eit av dei mest kjente

nynorske dikta i denne samanhengen får i det heile boka til å framstå som ein ironisk kommentar til ei tradisjonell nynorsk bygdefeiring.

Avrunding

Til slutt vil eg driste meg til å påstå at *Eit anna blick* bringar noko nytt til den norske bokhylla. Rett nok er det ikkje den første nynorske boka som kan kallast migrasjonslitteratur. Som Barstad, Myhr og Vestli (2022) påpeiker, blir litteratur som tematiserer «utenforskap, nasjonal identitet, migrasjon, etnisitet, rase, kulturelt og språklig mangfold», i aukande grad òg gjeven ut på nynorsk (s. 27). Men *Eit anna blick* skil seg ut frå døma dei trekker fram, fordi desse anten ikkje er skjønnlitteratur, som Camara Lundestad Joofs essaysamling *Eg snakkar om det heile tida* (2018), eller er litt på sida av tradisjonen tematisk sett. Eit døme på det siste er Brynjulf Jung Tjønn's *Kvit, norsk mann* (2022), der han skriv på nynorsk om adoptiverfaringar. Som Barstad, Myhr og Vestli (2022) påpeiker, er denne litteraturen interessant fordi adopterte «verken er flerkulturelle eller flerspråklige, men likevel opplever diskriminering og utenforskap» (s. 27). Men i likskap med tradisjonen har *Eit anna blick* nettopp det fleirkulturelle og flerspråklege som tema. Vel å merke er det heller ikkje slik at det ikkje finst nynorsk skjønnlitteratur som tematiserer dette. Det mest kjente dømet er truleg novella «489 mil til Aleppo» (2019) av Lars Mæhle, som skildrar opplevinga til ei ung jente som nettopp har kome til Noreg. Fleirkulturell problematikk finn ein òg i ungdomsromanane *På flukt* (2010) av Magnhild Bruheim og *Flukt* (2013) av Atle Hansen. Men *Eit anna blick* skil seg også frå desse tre. Dei har nemleg til felles at dei passar betre for litt yngre ungdom, medan *Eit anna blick* har til felles med den mest kjente migrasjonslitteraturen at mottakargruppa snarare er eldre ungdom og vaksne. Dette kjem av kompleksiteten i både framstillingsforma og refleksjonane.⁶

Det er elles verdt å legge merke til at handlinga i både «489 mil til Aleppo» og *Flukt* er lagt til bygda, likt som i *Eit anna blick*. Desse tre

6 I romanane *På flukt* og *Flukt* er det dessutan i større grad eit majoritetsperspektiv enn eit minoritetsperspektiv som kjem til uttrykk. Begge handlar om korleis majoritetsungdom prøver å hjelpe minoritetsungdom i knipe.

bringar såleis eit nytt perspektiv inn i den moderne migrasjonslitteraturen, for så vidt eg veit, er det ingen kjente bøker i denne tradisjonen som plasserer handlinga på ein slik stad. At bygda blir framheva i nettopp nynorsk skjønnlitteratur, kan dessutan tyde på at dette framleis er eit verksamt nynorsktopos. Det er òg freistande å spekulere i om toposet blir brukt nettopp for å markere at det dreier seg om nynorsk skjønnlitteratur, sidan det særleg blir tatt i bruk i nynorske tekstar som knyter an til moderne tradisjonar der brorparten av litteraturen er skriven på eller omsett til bokmål.

Abstract

In 2021, Erlend Skjetne received the Norwegian Brage Prize for the best children's and YA book of the year for his novel *Eit anna blick* (2021). In this article, I examine how the novel is related both to contemporary migration literature and to the Norwegian Nynorsk literary tradition. In my discussion, I focus on content as well as form. I conclude by suggesting that *Eit anna blick* is the most prominent Norwegian Nynorsk contribution to modern migration literature to date and that the novel, by setting its story in a rural community, brings a fresh perspective to this tradition.

Elin Stengrundet
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
elin.stengrundet@hvl.no

Litteraturliste

- Barstad, G. E., Myhr A. B. & Vestli, E. N. (2022). Migrasjonslitteratur: aktuelle begreper og kontekster. I G. E. Barstad, B. B. Opset & E. N. Vestli (Red.), *Fortellinger om migrasjon. Skandinavisk, fransk-, tysk- og spanskpråklig samtidslitteratur* (s. 13–51). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215065526-2022-01>
- Borch, A. (2016). *Kultur*. Porsanger kommune. <https://www.porsanger.kommune.no/index.php?id=128093>

- Hassan, Y. (2014). *Yahya Hassan. Dikt.* (P. Carmona-Alvarez, Oms.). Cappelen Damm. (Opphavleg utgjeven 2013.)
- Hjorthol, G. (2019). Ein nynorsk roman? Om Kjartan Fløgstads skriftkulturelle praksis. I S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Skriftkulturstudiar i ei brytningstid* (s. 105–136). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.67>
- Hovland, H. (2021, 24. november). Høstens debutanter: Vårt eget blikk. *Periskop*. <https://periskop.no/hostens-debutanter-vart-eget-blikk/>
- Myhr, A. B. & Jansen, A. T. (2022). På matta: Hvorfor er ikke litteratur om innvandring til Norge (tilsynelatende) mer grenseoverskridende? I G. E. Barstad, B. B. Opset & E. N. Vestli (Red.), *Fortellinger om migrasjon. Skandinavisk, fransk-, tysk- og spanskspråklig samtidslitteratur* (s. 94–117). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215065526-2022-04>
- Rotevatn, M. (2021, 26. august). Bokmelding: «Eit anna blikk» av Erlend Skjetne: Røft om afghanske flyktningar. *Framtida*. <https://framtida.no/2021/08/25/bokmelding-eit-anna-blikk-av-erlend-skjetne-roft-om-afghanske-flyktningar>
- Said, E. W. (2018). *Orientalismen. Vestlige oppfatninger av Orienten.* (A. Aabakken, Oms.). Cappelen Damm. (Opphavleg utgjeven 1978.)
- Samoilow, T. K. & Myren-Svelstad, P. E. (2020). *Kritisk teori i litteraturundervisningen.* Fagbokforlaget.
- Shakar, Z. (2017). *Tante Ulrikkes vei.* Gyldendal.
- Skjetne, E. (2021). *Eit anna blikk.* Cappelen Damm.
- Straume, A. C. (2021, 24. august). Akutt aktuell ungdomsroman. *NRK*. https://www.nrk.no/kultur/anmeldelse_-_eit-anna-blikk_-_av-erlend-skjetne-1.15620584
- Sørbo, J. I. (2018). *Nynorsk litteraturhistorie.* Samlaget.
- Vinje, A. O. (1871). *Ferdaminni fraa Sumaren 1860.* Det norske Samlaget.
- Vlasta, S. (2022). Litterær flerspråkligheit: begreper, former og funksjoner. I G. E. Barstad, B. B. Opset & E. N. Vestli (Red.), *Fortellinger om migrasjon. Skandinavisk, fransk-, tysk- og spanskspråklig samtidslitteratur* (s. 52–70). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215065526-2022-02>